

Mandat For Campusmøte

Godkjent av rektor
desember 2022



**Høgskulen
på Vestlandet**

Bakgrunn

Det blir oppretta campusmøte som rådgivande koordineringsarenaer for campusutvikling ved kvar av dei fem campusane ved Høgskulen på Vestlandet. Etableringa av campusmøte har sin bakgrunn i Prosjekt campusutvikling og dei tiltaka som er foreslått og presentert i sluttrapport frå dette prosjektet. Dokumentasjon i rapportar frå arbeidsgrupper og prosjektgrupper i Prosjekt campusutvikling vil vere viktige føringar i arbeidet i campusmøta.

Formål

Det overordna formålet med campusmøte er å etablere ein arena for campusutvikling i HVL som har merksemd mot saker som krev intern koordinering og samordning på campusnivået.

Campusmøta er rådgivande koordineringsarenaer for faglege aktivitetar og tiltak i fakulteta på campusane, og samordningsarena for ekstern samhandling i campusane sine regionar.

Campusmøte sin rådgivande funksjon kan etablere gode grunnlag for vedtak som skal takast i linjeorganisasjonen. Gjennom den interne samordninga vil ein samstundes styrke kapasiteten til å handtere eksternt samarbeid i regionane til campusane.

Dei fem campusmøta skal vere rådgivande organ for campusutvikling til toppleiinga i HVL. Høgskulen på Vestlandet sine fem campusar er ulike i storleik og innretning, og har ulike utfordringsbilete. Omgivnadene som campusane samhandlar med er òg ulike. Av den grunn er det viktig å få fram at campusane kan behandlast ulikt når det gjeld arbeidet med campusutvikling. Rapportar frå Prosjekt campusutvikling er sentral dokumentasjon å ta med vidare i arbeidet for dei fem campusmøta.

Oppgaver og ansvar

Campusmøte skal vere ein arena for å arbeide systematisk med campusutvikling etter at prosjekt campusutvikling er avslutta hausten 2022.

Campusmøte skal ha oppgaver og ansvar på kvar campus som gjeld:

- Strategisk koordinering mellom fakulteta på området campusutvikling
- Samhandling med omgivnadene som påverkar campusutviklinga
- Koordinering og informasjonsutveksling med samarbeidsaktørar på institusjonsnivå

Campusmøte vil ta opp saker som har interesse for fagområda ved campus, interesse for tilsette og studentar ved campus, og som samstundes fangar opp interesser som eksterne relasjonar har i samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet. Saker som skal på agendaen vil mellom anna ha sitt utspring i det arbeidet som har blitt gjort i Prosjekt campusutvikling og som er dokumentert i rapportar frå arbeidsgrupper og prosjektgrupper som føreslåtte tiltak for campusutvikling. Arbeidet med å konkretisere saker og tiltak for campusutvikling i campusmøte må sjåast i samanheng med, og koplest til, målsettingar skissert i HVL sin verksemdsstrategi for 2023-2031.

Kvart av campusmøta utarbeider ein kort årsrapport (maksimum 4 sider) som blir presentert for toppleiinga innan mars året etter rapporteringsåret.

Avgrensingar i oppgaver og ansvar

Campusmøte har ein rådgivande funksjon, og avgjersler om campusutvikling er lagt til linjeorganisasjonen.

Campusmøte skal ikkje handtere saker og oppgaver knytt til administrativ koordinering og velferd på campus. Ansvar for oppfølging av desse områda ligg til Organisasjonsdirektør sin linjeorganisasjon.

Campusmøte skal heller ikkje handtere saker og oppgåver knytt til arealutvikling og drift av campus. Ansvar for oppfølging av desse områda ligg til Direktør for økonomi og arealforvaltning sin linjeorganisasjon.

Samansetning

Campusmøte vil ha ein prodekan for regional utvikling som leiar og nestleiar. Verva som leiar og nestleiar er fordelt slik for åra 2023-2024:

CAMPUS	LEIAR	NESTLEIAR
Bergen	FIN	FLKI
Førde	FHS	FIN
Haugesund	FØS	FHS
Sogndal	FLKI	FØS
Stord	FLKI	FHS

Dei fire prodekanane har møterett på alle campusmøte i organisasjonen, òg møte der dei ikkje har leiar-/nestleiaransvar. Prorektor for regional utvikling har òg møterett på alle campusmøte. Campusmøte skal i tillegg ha medlemmer frå vitenskapleg tilsette frå fakultet ved campus (inntil 4), og studentar (2). Kwart campusmøte skal ha maksimum 8 faste medlemmer. Medlemmer av campusmøte blir oppnemnte av rektor.

Sekretariat og møteplan

Prorektor for regional utvikling ved Avdeling for samfunnskontakt, arbeidsliv og livslang læring har sekretariatsfunksjonen for dei fem campusmøta. Kvar campus skal halde tre (3) campusmøte kvart år, fortrinnsvis februar, mai og oktober månad. Møta skal vere koordinerte med møte i fakultet, fagutval og organisasjonen elles. Sekretariatet har ansvar for å utvikle eit felles årshjul for campusmøta. Sekretariatet skal etter samråd med leiarane i campusmøta førebu saker til møte.

Mellom dei fastsette campusmøta kan leiar av campusmøte, ved sekretariat, kalle inn til møte som gjeld eit enkelt campus og spesielle tema for campusutvikling. I slike tilfelle kan ein opne for at andre tilsette enn faste medlemmer blir inviterte til møte.

Funksjonstid

Funksjonstid for medlemmer er 2 år, med moglegheit for forlenging.

Studentrepresentantane blir oppnemnte for eitt år. Mandat og samansetning av campusmøte skal vurderast/evaluerast i løpet av 2024. Mandat og samansetning skal òg vurderast på nytt ved endringar i styringsmodellar eller ved større organisatoriske endringar i organisasjonen.